

Høringsnotat

Sivilavdelingen

Dato: 12.06.2020

Saksnr: 20/2965

Høringsfrist: 12.09.2020

Høring – Endringer i verjemålslova og verjemålsforskrifta om godtgjering mv.

I. INNLEIING	3
1. Kort om kva endringane går ut på	3
2. Nærare om heimelsgrunnlaget for godtgjering.....	3
II. ENDRINGAR I VERJEMÅLSFORSKRIFTA	4
3. Innføring av ein eigen sats ved starten av oppdraget.....	4
3.1 Gjeldande rett	4
3.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar	5
4. Innføring av ein ny høgare fast sats	6
4.1 Gjeldande rett	6
4.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar	6
5. Ny regel om timegodtgjering	8
5.1 Gjeldande rett	8
5.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar	9
6. Retten til godtgjering med salærsats	10
6.1 Gjeldande rett	10
6.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar	10
7. Endringar som følgje av innføring av automatisert kontroll	11
7.1 Gjeldande rett	12
7.2 Nærmare om innføring av automatisert kontroll.....	12
7.3 Endring i verjemålsforskrifta kapittel 2.....	12
7.4 Endring i verjemålsforskrifta kapittel 5.....	14
8. Andre endringar.....	15

8.1	Endring av ordlyden <i>under vergemål</i>	15
8.2	Endring av ordlyden <i>sentral vergemålsmyndighet</i>	15
8.3	Årsmelding frå Statens sivilrettsforvaltning	16
8.4	Tilvising til regelverk om innskotsgaranti	16
8.5	Tilvising til folketrygdlova	16
III. ENDRINGAR I VERJEMÅLSLOVA		17
9.	Endring i verjemålslova § 29	17
9.1	Gjeldande rett	17
9.2	Vurdering av moglege lovendringar	17
10.	Endringar i verjemålslova § 53 om rekneskapsplikt	19
10.1	Gjeldande rett	19
10.2	Vurdering av moglege lovendringar	19
11.	Endringar i verjemålslova § 54 opplysningsplikt for institusjonar mv.	19
11.1	Gjeldande rett	19
11.2.	Vurdering av moglege lovendringar	19
12.	Endringar i verjemålslova § 66 om behandling av personopplysningar	20
12.1	Gjeldande rett	20
12.2.	Vurdering av moglege lovendringar	20
IV. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAER		20
V. FORSLAG TIL ENDRINGAR		23
A.	Endringar i verjemålsforskrifta	23
B.	Overgangsreglar for forskrifta	30
C.	Ikraftsetjing av endringane i verjemålsforskrifta	30
D.	Forslag til endringar i verjemålslova	31
E.	Ikraftsetjing av endringane i verjemålslova	32

I. INNLEIING

1. Kort om kva endringane går ut på

Lov-2010-03-26-9 om vergemål (vergemålsloven), heretter omtala som verjemålslova, med forskrifter tok til å gjelde 1. juli 2013. Praksis dei siste sju åra har vist behov for å endre noko av regelverket. Dette høyringsnotatet gjeld i hovudsak endringar i reglane om godtgjering i verjemålsforskrifta.

Å være verje er for dei fleste eit frivillig verv for foreldre, søsken eller barn. Av og til finst det ikkje personar i den nære krinsen som har evne eller moglegheit til å ta på seg eit verjeoppdrag. I slike situasjonar er det aktuelt å oppnemne ei alminneleg eller fast verje som får godtgjering for verjeoppdraget.

Verjer som får godtgjering skal som hovudregel godtgjerast med faste satsar. Det er i dag likevel mange verjer som får godtgjering per time, til dømes ved starten av oppdraget eller for å kompensere for eit krevjande oppdrag. For både verjer og styresmakter er timegodtgjering meir arbeidskrevjande å handtere og mindre føreseieleg enn godtgjering etter faste satsar. Regelverket bør legge til rette for meir effektive arbeidsprosessar, administrative forenklingar og digitalisering. For å minske talet på saker med timegodtgjering foreslår vi å innføre ein eigen sats for arbeid utført i starten av oppdraget og ein ny høgare sats for dei særleg krevjande oppdraga som i dag vert timegodtgjort. Vi foreslår òg at regelen om godtgjering etter offentleg salærsats vert innskrenka slik at verjehavar vert meir likestilt andre når det gjeld kjøp av advokattenester. Vidare legg høyringsnotatet opp til automatisk kontroll av verja si forvaltning, slik at verja ikkje lenger må sende inn opplysningar om økonomien til verjehavaren.

Forslaga inneber at det heretter vert svært få saker som skal godtgjerast per time, samstundes som ein sikrar at verjene får ei rimeleg godtgjering. Forslaga vil ikkje gi generell auke i godtgjeringa, men vil kunne frigjere meir tid for verjene. Mindre bruk av timegodtgjering vil òg gjere verjegendtgjeringa meir føreseieleg for verjehavaren som betalar for tenesta og sikre ei meir effektiv verjemålsforvaltning, der det vert lagt til rette for digitalisering.

For å understreke at ordinære verjemål er frivillige foreslår departementet å endre ordlyden *person under vergemål* til *personen det er vedtatt vergemål for* i alle aktuelle føresegnar i forskrifta og i dei føresegnene vi foreslår endra i lova.

Vidare foreslår departementet å endre føresegna om opphøyr av vervet som verje for å sikre effektiv ressursutnytting. Kravet om at Statens sivilrettsforvaltning skal levere årsmelding vert fjerna frå forskrifta då dette er regulert i instruks. I tillegg foreslår departementet å oppdatere nokre tilvisingar.

2. Nærare om heimelsgrunlaget for godtgjering

Etter verjemålslova § 30 første punktum har verja krav på godtgjering for arbeidet og å få dekt nødvendige utgifter i samband med verjeoppdraget. Verja får berre godtgjort arbeid som ligg innanfor mandatet, sjå verjemålslova § 31. Hovudregelen er at personen med verje dekkjer godtgjeringa sjølv, men dersom både inntekta og formuen er lågare enn grensa i verjemålsforskrifta § 19, dekkjer fylkesmannen godtgjeringa. Med heimel i verjemålslova § 30 andre ledd har ein i verjemålsforskrifta § 16 fastsett nærare reglar om satsane for godtgjering.

Utgangspunktet om at nær familie berre får godtgjering dersom særlege grunnar talar for det, står fast i forslaget. Det same gjer skiljet mellom godtgjering til faste og alminnelege verjer og skiljet mellom økonomiske og personlege forhold, sjå verjemålsforskrifta § 16. Departementet ser at det ikkje alltid er heldig å kategorisere verjeoppdraga ved å skilje mellom personlege og økonomiske forhold, men vil i denne omgangen berre foreslå endringar som sikrar eit meir effektivt godtgjeringssystem.

Som det går fram av verjemålsforskrifta § 16, skal verjene som hovudregel godtgjerast med faste satsar og berre unntaksvis godtgjererast per time. Systemet med faste satsar er basert på fleire omsyn. Godtgjeringa må liggje på eit nivå som gjer at dei som har behov for bistand, tek seg råd til det. Personen med verje skal ikkje måtte betale meir til verja enn det som er nødvendig for å få god hjelp. Vidare må verjene godta svingingar i arbeidsbyrda, utan at dette skal utløyse meir godtgjering. Samstundes skal godtgjeringa gi ei rimeleg dekning for utføringa av verjeoppdraget.

Verjegotgjeringa må sjåast opp mot dei oppgåvene verja skal utføre. Fleire klagesaker viser at ein del verjer har utført arbeid som ligg utanfor verjerolla og mandatet. Til dømes ligg det ikkje til verja si rolle å utføre praktiske oppgåver eller å kompensere for at kommunen ikkje leverer godt nok på tiltak som heimehjelp, støttekontakt og brukarstyrt personleg assistanse. Bruk av verje til oppgåver som ligg utanfor rolla kan vere lite heldig av fleire grunnar, særleg fordi det normalt er personen med verje sjølv som betalar for verja. Statens sivilrettsforvaltning vil om kort tid gi ut ein rettleiar som klargjer kva som er verjas rolle og ansvar.

II. ENDRINGAR I VERJEMÅLSFORSKRIFTA

3. Innføring av ein eigen sats ved starten av oppdraget

Departementet foreslår å innføre ein eigen sats for arbeidet som må gjerast i starten av verjeoppdraget.

3.1 Gjeldande rett

Etter verjemålsforskrifta § 16 skal verjene som hovudregel få godtgjering med ein fast sats. Dei faste satsane knyt seg ikkje til spesifikke oppgåver, og det er ingen eigen sats ved starten av verjeoppdraget i dag. Mange verjer har fått timegodtgjering ved oppstart, noko rundskriv 1-2014 *Utgiftsdekning og godtgjøring til verger og representanter* pkt. 3.1.3, opnar for.

3.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar

Det er viktig at verja bruker tilstrekkeleg med tid i starten av oppdraget for å kartlegge verjehavar sine ønskjer og behov, og for å sikre at verjemålet kjem i gang på ein god måte. Dette er særleg viktig der verja ikkje kjenner verjehavaren frå før. Verjehavar skal ha sjølvråderett i det løpande verjemålet, og verja skal søkje å handle i samsvar med den beste tolkinga av ønska og vilja til den det gjeld.

Blant embeta som i dag godtgjer per time ved oppstart, varierer det både *når* det vert gitt slik godtgjering og i kva *omfang* ein godtgjer.

Eit argument mot å innføre ein oppstartsats, er at dei faste satsane skal ta god nok høgde for svingingane i arbeidet, og at godtgjering for startfasen vil kunne pådra verjehavaren høgare kostnader enn i dag.

På den andre sida viser praksis eit behov for å kompensere for at oppdraga ofte er særleg arbeidskrevjande i startfasen. Praksis viser òg at enkelte verjer ikkje har gjort nok for å verte kjende med verjehavar.

Etter departementet si vurdering vil ein eigen oppstartssats både understreke ansvaret som verja har i oppstartsperioden for å sikre sjølvråderett for verjehavar, effektivisere forvaltninga ved å minske talet på saker med timegodtgjering og sikre lik behandling mellom embeta. Departementet foreslår difor at det vert innført ein oppstartssats regulert i verjemålsforskrifta § 16 nytt andre ledd. Både oppstartsatsen, og den faste årlege satsen skal gjelde frå verjemålet vert oppretta. Oppstartssatsen kjem såleis i tillegg til den faste satsen. Oppstartsatsen kan innvilgast etter søknad, men skal ikkje løyvast i alle tilfelle, berre i dei tilfella der fylkesmannen ser behovet for at verja gjer eit ekstra arbeid i startfasen. Satsen bør til dømes ikkje løyvast der behova alt er klart definerte. Det same gjeld der verja kjenner verjehavaren godt frå før. Ein verjehavar bør heller ikkje måtte betale oppstartsgodtgjering meir enn òi gong ved skifte av verje, ettersom den førre verja vil kunne vidareformidle relevant informasjon til ny verje. Ved byte av verje får difor ikkje den nye verja oppstartssats.

Kartleggjinga som verja skal gjere i startfasen, kan avdekkje at det er andre alternativ enn verjemål som bør nyttast, til dømes legalfullmakt, frivillig eller tvungen forvaltning gjennom NAV eller at institusjonen personen bur på forvaltar midlane.

Verjemålsforvaltninga skal òg ha vurdert alternativa ved opprettinga av verjemålet, men om verja får fram nye opplysingar, kan vurderinga måtte gjerast på nytt. Dersom dette inneber at verjemålet vert avvikla etter kort tid skal verja likevel få heile oppstartssatsen.

Storleiken på oppstartssatsen må sjåast i samanheng med storleiken på dei andre satsane og på kor mykje arbeid det er forventa at verja skal gjere ved starten av oppdraget. Av dei embeta som i dag timegodtgjer ved oppstart, varierer som nemnd omfanget av godtgjeringa.

Departementet foreslår at oppstartssatsen skal svare til ti timars arbeid, og knyte seg til arbeid som vert utført dei første par månadene i oppdraget. Satsen vil utgjere kr 4000 for faste verjer og kr 2000 for alminnelege verjer. Skiljet i storleiken på godtgjeringa til alminnelege og faste verjer heng saman med at alminnelege verjer som oftast kjenner verjehavaren frå før, medan faste verjer i større grad må gjere seg kjende med vedkommande.

Særlege ønskjer om innspel

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på behovet for ein eigen oppstartsats, i kva for tilfelle ein eventuelt bør gi ein slik sats, storleiken på satsen, om det bør innførast to satsar og eventuelt kva for tilfelle som skal kvalifisere til høg og låg sats. Vi ber òg om innspel på kva oppgåver og periode godtgjeringsa bør dekkje.

Fleire embete har praktisert ei form for oppstartsmandat, og hausten 2019 sette Statens sivilrettsforvaltning i verk ein pilot hos nokre fylkesmannsembete for å få ytterlegare erfaring. Erfaringane er nyttige ved vurderinga av ein oppstartssats og eventuelle rammer for denne. Vi ber difor særskilt om å få vite kva for erfaringar embeta har med bruken av oppstartsmandat.

4. Innføring av ein ny høgare fast sats

Departementet foreslår å innføre ein ny høgare fast sats som unntaksvis kan nyttast i staden for dei alminnelege faste satsane som i dag er nedfelt i verjemålsforskrifta § 16 andre og tredje ledd. Den høgare faste satsen kan løyvvast for ein periode i dei tilfella der arbeidsbyrda er vesentleg høgare enn i tilsvarande oppdrag. Dette er for å redusere talet på saker med timegodtgjering.

4.1 Gjeldande rett

Etter verjemålsforskrifta § 16 er den høgste faste satsen kr 4 000 for alminnelege verjer, medan den for faste verjer er kr 10 000, sjå verjemålsforskrifta § 16 tredje ledd. Verjemålsforskrifta § 16 fjerde ledd første punktum regulerer retten til timegodtgjering og seier: *Dersom omfanget av oppdraget tilsier det, kan det unntaksvis gis godtgjøring time for time etter en timesats på inntil kr 200 for alminnlige verger og inntil kr 400 for faste verger.*

4.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar

Sjølv om hovudregelen i verjemålsforskrifta § 16 er godtgjering med faste satsar, er det i dag mange som får godtgjering etter unntaksregelen om timegodtgjering. Dette kan tyde på at ein del opplever at nivået på den faste godtgjeringsa ikkje reflekterer arbeidet som vert utført, og at ein i praksis har utvida bruken av timegodtgjering for å kompensere for dette.

Timegodtgjering gir nøyaktig kompensasjon for utført arbeid, og sikrar at ein kan gi eit tilbod om verjemål òg i dei mest krevjande oppdraga. Etter departementet si vurdering er det likevel behov for å få ned talet på saker med timegodtgjering. Det er verjehavaren som i dei fleste tilfelle betaler verja, og fast sats gjer at verjehavaren veit kor mykje han eller ho må betale for tenesta. Både verjer og fylkesmannen bruker mykje tid på høvesvis å søkje og dokumentere, og på å avgjere søknader om timegodtgjering. Systemet med faste satsar gir enklare reglar, og sikrar samstundes fleksibilitet då eit verjeoppdrag kan ha svingingar i arbeidsbelastninga. Faste satsar gir i tillegg verja insentiv til å effektivisere arbeidet.

Departementet har vurdert om ein i staden for ein høgare sats bør innføre eit stykkprissystem for dei oppgåvene som verjene ofte får timegodtgjering for, utover innføring av oppstartssats. Men eit stykkprissystem vil truleg skape fleire tolkingsspørsmål og vil heller ikkje vere treffsikkert i alle tilfelle. Det er til dømes vanskeleg å sette ein stykkpris for gjeldsforhandling, då omfanget av arbeidet mellom anna er avhengig av talet på kreditorar.

Departementet har òg vurdert om ein bør innføre fleire høgare satsar. Å innføre fleire høgare satsar der innplassering avheng av grad av arbeidsbyrde, vil etter vår vurdering virke kompliserande, og vi foreslår difor at det berre vert innført ein ny høgare sats.

Departementet foreslår at ny høgare sats vert regulert i verjemålsforskrifta § 16 tredje ledd nytt siste punktum. Etter departementet si vurdering vil ny høgare sats, kombinert med ein eigen sats ved starten av oppdraget, gi god balanse mellom omsynet til verja og omsynet til verjehavaren som skal betale for tenesta. I tillegg vil det sikre ei meir effektiv og lik forvaltning over heile landet.

Kva skal til for å få høgare sats?

Som hovudregel skal verjer framleis få godtgjering etter dagens ordinære faste satsar. Den høgare satsen er berre meint for dei unntaksvis oppdraga der arbeidsbyrda er vesentleg større enn i andre tilsvarande oppdrag, og der ein etter dagens praksis nyttar timegodtgjersle. Departementet foreslår at den høgare satsen berre kan løyvast etter søknad og berre skal kunne løyvast fram i tid. Etter departementet si vurdering bør bruken av satsen òg tidsavgrensast.

Kva som skal til for å seie at byrda i oppdraget er vesentleg større enn tilsvarande oppdrag, må vurderast konkret. Praksis viser at det ofte er dei faste verjene med dei tyngste oppdraga som får timegodtgjering. Etter departementet si vurdering bør den høgare satsen i all hovudsak avgrensast til faste verjer når mandatet gjeld både økonomiske og personlege forhold og skal difor som hovudregel erstatte den faste satsen på kr 10 000.

I vurderinga av om ein skal gi høgare sats, kan ein legge vekt på fleire tilhøve, til dømes at verjehavaren er svært aktiv og gjer disposisjonar som krev tiltak (opprydding mv.), eller at verjehavaren må følgjast opp langt tettare enn andre, til dømes i enkelte saker knytt til rus,- psykiatri,- og /eller gjeldsproblematikk. Verjene må vente svingingar i arbeidsbelastninga, og meirbelastninga må vare over tid før høgare sats er aktuelt. I enkelte tilfelle kan ein likevel få den høgare satsen allereie ved oppretting av verjemålet når det ikkje er tvil om at meirbelastninga vil vere høg og varig.

Etter gjeldande praksis har ein lagt til grunn at verja må arbeide nær det dobbelte av timetalet som fast sats tilseier, før godtgjering per time er aktuelt. Etter departementet si vurdering bør dette òg gjelde for den høgare satsen. Det bør truleg ikkje vere nødvendig å dokumentere meirbelastninga med eit timerekneskap over allereie utført arbeid når ein søker om høgare sats, men verja må dokumentere kva for arbeid som er nødvendig ut ifrå mandatet og dei særskilde behova til verjehavar. Verjene kan likevel føre eigne timelister

dersom vedkommande i det enkelte oppdraget vurderer dette som ein eigna måte å dokumentere behovet for den høgare satsen.

Storleiken på satsen

Målet med forslaget her er at verjer som hovudregel berre skal godtgjerast med faste satsar. Dette fordrar at ny høgare sats vert lagt på eit nivå som gjer at talet på saker med timegodtgjering vert redusert til eit minimum, sjå pkt. 5.2. Som grunnlag for fastsetjing av ny høgare sats, vert praksisen med å arbeide nær det dobbelte av timetalet som fast sats tilseier, foreslått vidareført. Dette gjeld sjølv om ein i tilfellet her ikkje krev noko detaljert timerekneskap. Ettersom den høgaste satsen for faste verjer i dag ligg på kr 10 000, tilseier dette at den nye satsen bør ligge på kr 20 000.

Særlege ønsker om innspel

Departementet ber om innspel på om ein bør innføre ein høgare sats, kva for saker satsen bør gjelde for, storleiken på satsen, korleis verja skal dokumentere arbeidsbyrda og behovet for høgare sats. Vi ber òg om innspel på om dei med lågare sats enn kr 10 000 skal kunne få den høgare satsen, sidan dei ikkje lenger vil ha moglegheit for timegodtgjering i krevjande saker, jf. pkt 5.2 i forslaget.

5. Ny regel om timegodtgjering

Departementet foreslår at timegodtgjering framleis skal vere mogleg for mellombelse og svært enkle oppdrag. Som ein sikkerheitsventil foreslår departementet at timegodtgjering òg kan nyttast i dei aller mest krevjande oppdraga. Dette skal vere ein snever unntaksregel, og føresetnaden er at verjemålsforvaltninga først har gjennomført tilsyn med verja i samband med godtgjeringsaka.

5.1 Gjeldande rett

Etter verjemålsforskrifta § 16 fjerde ledd skal timegodtgjering berre unntaksvis givast *[d]ersom omfanget av oppdraget tilsier det*. Verja må godtgjere at fast årleg sats ikkje gir ei rimeleg dekning, og han eller ho må dokumentere timebruken.

Timegodtgjering vert ofte avtala på førehand og utbetalt på etterskot. Verjemålsmyndigheita gjer ei skjønnsvurdering i kvart enkelt tilfelle om det er grunnlag for timegodtgjering.

I rundskriv 1-2014 står følgjande i punkt 3.1.3 om når timegodtgjering kan nyttast:

Godtgjøring time for time kan være aktuelt

- *i oppstartsfasen av et vergemål*
- *for oppdrag som har kort varighet eller lite omfang*
- *ved omfattende bistandsbehov for en periode eller generelt.*

Det er forklart kva som ligg i dette i punkt 3.1.3.1- 3.1.3.3 i rundskrivet.

5.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar

Gjeldande forskrift er formulert med tanke på at verja berre unntaksvis skal få timegodtgjering dersom fast sats ikkje gir rimeleg kompensasjon for arbeidet. Føresegna krev skjønn, og det er grunn til å tru at timegodtgjering i praksis har vorte brukt meir enn det som var lovgivars meining.

Som gjort greie for i punkt 4.2, er det behov for å få ned talet på saker med timegodtgjering.

Verjemålsmyndigheita bruker mykje tid på å ta stilling til om omfanget av oppdraget tilseier timegodtgjering. Embeta praksierer timegodtgjeringsregelen ulikt, og det er stor skilnad i talet på timar som vert dekt. Vi har fått innspel frå nokre embete, og eitt av desse har rapportert at om lag 50 prosent av dei faste verjene får timegodtgjering. Regelen har dermed ikkje lenger preg av å vere ein unntaksregel. Ny regel må difor presisere tydelegare når timegodtgjering kan vere aktuelt, slik at regelen vert praktisert likt i dei ulike embeta.

Timegodtgjering i små og mellombelse oppdrag

Dagens praksis med å godtgjere mellombelse og svært enkle oppdrag per time, bør truleg vidareførast, men berre når dette er billegare for verjehavaren enn fast sats. Som døme på mellombelse oppdrag der det kan vere aktuelt med timegodtgjering, nemner vi setjeverjeoppdrag i saker med tilrettelagde avhøyr, tilsyn med uskifta bu, saker om forskot på arv og lån frå verjehavaren til verja. Som svært enkle oppdrag, reknast oppdrag som er så lite arbeidskrevjande at det ikkje kan forsvarast å bruke fast sats, til dømes der verja berre skal sjå til at midlar til forvaltning ikkje vert nytta.

Departementet foreslår at timegodtgjering i svært enkle og mellombelse oppdrag vert regulert i verjemålsforskrifta § 16 fjerde ledd første punktum. Etter forslaget skal fylkesmannen på førehand anslå kor mange timar verja treng for å gjere arbeidet. I dette ligg ein føresetnad om at verja bør klare å halde seg innanfor anslaget. Departementet legg dermed til grunn at det ikkje er behov for bruk av timelister i slike oppdrag. Skulle oppdraget endre karakter eller omfang, slik at timetalet vert høgare enn fylkesmannen først hadde rekna med, er alternativet å gå over til faste satsar og ikkje fortsatt bruk av timegodtgjering. Verja vil då få utbetalt den faste satsen, fråtrekt det han eller ho har fått utbetalt i timegodtgjering.

Timegodtgjering i særleg krevjande oppdrag

Ei verje skal i utgangspunktet klare å utføre arbeidet slik at dei faste satsane gir ei rimeleg godtgjering. Behovet for å ha klare reglar for godtgjering, kan tilseie at moglegheita for timegodtgjering i krevjande saker burde fjernast heilt, særleg i lys av forslaget om oppstartssats og ny høgare sats. Departementet trur likevel at ei slik løysing vil vere uheldig, då personar med sterkt behov for bistand kan risikere å stå utan verje fordi ingen vil ta på seg oppdraget. Det vil heller ikkje vere rimeleg for verja ikkje å få godtgjort der arbeidsbelastninga er særdeles stor. Departementet meiner difor at det bør vere ei svært snever opning for å godtgjere verjer time for time.

Departementet foreslår at dette vert regulert i verjemålsforskrifta § 16 fjerde ledd andre punktum. Opninga bør avgrensast til tilfella der verja alt har høgare sats og det gjeld eit *svært krevende oppdrag der arbeidsbyrden er særdeles stor*.

Før ein kan legge til grunn at vilkåra er til stades, må fylkesmannen gjennomføre tilsyn med verja i samband med godtgjerings-saka der fylkesmannen mellom anna kan vurdere individtilpassinga av mandatet, om verja har gjort meir enn det som ligg i verjas rolle og mandat, om verja har arbeida effektivt nok og om arbeidsbyrda knyt seg til ei svinging som ein må rekne med innanfor den faste satsen. Dersom fylkesmannen etter dette finn at godtgjering per time er aktuelt, må fylkesmannen gjere ei avgrensing av dei oppgåvene som skal omfattast av timegodtgjeringa. Fylkesmannen skal førehandsgodkjenne arbeidet og setje ei øvre grense for kor mange timar som kan godtgjerast. Verja må føre timelister. Departementet foreslår at Statens sivilrettsforvaltning skal kunne setje krav til timelistene, til dømes at dei skal leverast digitalt. Timegodtgjering i særleg krevjande oppdrag kjem i tillegg til fast sats.

Særlege ønskjer om innspel

Vi ber om høyringsinstansane sitt syn på kva saker timegodtgjering bør vere aktuelt for og korleis systemet for timegodtgjering bør vere og om det bør stillast krav om tilsyn. Vi ber vidare fylkesmennene om å gi eit anslag på kor mange saker som vil vere aktuelle for timegodtgjering etter forslaget her, og kor mange timar ein kan forvente at dei vil liggje på i snitt.

6. Retten til godtgjering med salærsats

Departementet foreslår å innskrenke bruken av advokatverje på offentleg salærsats til saker som gjeld spørsmål om avtalar er ugyldige etter avtalelova.

6.1 Gjeldande rett

Om den faste årlege satsen for eit verjeoppdrag ikkje vil gi ei rimelig godtgjering for arbeidet som verje, følgjer det av verjemålsforskrifta at verja kan få godtgjering per time i staden. Dersom vergjeoppdraget i all hovudsak inneheld oppgåver som krev advokatbistand, kan ein advokat bli oppnemnt som verje. Advokaten kan i eit slikt tilfelle få godtgjering etter den offentlege salærsatsen, jf. verjemålsforskrifta § 16 fjerde ledd andre punktum og omtala i Høyringsnotat februar 2011, Snr. 201100885, på s. 31. Dersom oppdraget ikkje krev særskilt juridisk kompetanse, får advokatar lik godtgjering som andre verjer.

6.2 Vurdering av moglege forskriftsendringar

Det viktigaste argumentet for å ha ein advokat som verje, har vore at enkelte verjeoppgåver krev juridisk kompetanse¹. Verjemålsordninga skal hjelpe verjehavaren slik at han eller ho klarar det personar utan verje klarar sjølve. Folk flest kontaktar ikkje

¹ Sjå meir om dette i høyringsnotat frå februar 2011 om forskrift til den nye vergemålsloven og andre endringer i annen lovgivning som følgje av ny vergemålslov mv. på side 31.

advokat for alt som har med juss å gjere. Forvaltninga har ei alminneleg rettleiingsplikt i høve juridiske problemstillingar som gjer at dei fleste ikkje har behov for advokat.

Utgangspunktet er difor at personar med verje må kjøpe advokattenester på lik linje med andre som treng spesialisttenester. Verja kan ha til oppgåve å ta stilling til om ein skal engasjere spesialist, men verja er ugild til å gi seg sjølv oppdrag på denne måten.

Enkelte verjehavarar kan ha behov som ikkje passar heilt i dette biletet. Personar med verje kan som følgje av den tilstanden som er bakgrunnen for verjemålet, jf. verjemålslova § 20 første ledd, inngå avtalar som han eller ho ikkje forstår konsekvensane av, og som dei treng hjelp til å komme ut av. Ofte vil faste eller alminnelege verjer kunne hjelpe verjehavaren ut av slike avtalar, men i nokre høve vil det vere behov for advokathjelp. Folk flest kjem svært sjeldan/aldri i slike situasjonar, noko som gjer grunn til å fråvike utgangspunktet om at verjehavaren bør kjøpe advokattenesta på lik linje med folk flest.

Departementet foreslår difor at advokatverjer kan få salærsats dersom det i mandatet er fastsett at advokaten skal hjelpe personen ut av ugyldige avtalar som er inngått som følgje av vedkommande sin tilstand, der tilstanden òg er grunnlaget for oppnemning av verje. Andre oppgåver vil etter forslaget ikkje kvalifisere til godtgjering på offentleg salærsats.

Bruk av offentleg salærsats føreset etter forslaget at fylkesmannen har vurdert det som sannsynleg at advokatverja kan nå fram med ein påstand om at avtalen er ugyldig.

Opninga til å godtgjere på salærsats vert foreslått regulert i verjemålsforskrifta 16 fjerde ledd tredje punktum. Fylkesmannen må førehandsgodkjenne arbeidet som kvalifiserer for timegodtgjering med offentleg salærsats og setje ei øvre grense for timetalet. Det er ikkje noko i vegen for å ha ein advokat som verje òg for andre oppgåver. Då vil advokaten kunne få salærsats for bistanden til å komme seg ut av ugyldige avtalar, i tillegg til ordinær godtgjering for dei andre verjeoppgåvene.

Særlege ønskjer om innspel

Vi ber om høyringsinstansane sitt syn på om det framleis bør vere ope for bruk av advokatverjer, og om det er andre oppgåver som ein advokat bør utføre på salærsats enn det som gjeld avtalelova kap. 3. Vidare ber vi om innspel på om det bør vere tilstrekkeleg å framsetje påstand om ugyldigheit eller om ein bør krevje at det er sannsynleg at ein vil nå fram med kravet.

7. Endringar som følgje av innføring av automatisert kontroll

Det er for budsjettåret 2020 løyvd 2,5 mill. kroner til automatisert kontroll av verja si forvaltning av verjehavars egedelar. Dette gjer det nødvendig med nokre forskriftsendringar. Automatisert kontroll inneber mellom anna at opplysingar om økonomien til verjehavaren vert send direkte frå bankar og skattemyndigheiter til verjemålsmyndigheita, og ikkje via verja som i dag.

7.1 Gjeldande rett

Verjemålslova §§ 53 og 54, jf. finansavtalelova § 25 og forskrift 5. april 2013 nr. 339 om delegering av myndighet, gir departementet heimel til å gi reglar som pålegg verjene *regnskapsplikt*, og bankane og skattemyndigheiter opplysningsplikt overfor fylkesmannen. Slike reglar er gitt i verjemålsforskrifta § 20 flg. I dag må verjene sende inn både kontoutskrifter, skattemelding og fullstendeerklæring som utgjer det som verjemålsforskrifta omtalar som verjerekneskap. Statens sivilrettsforvaltning gjer i dag eit sentralt uttrekk på 20 prosent av alle verjerekneskap, som fylkesmannen kontrollerer.

7.2 Nærmare om innføring av automatisert kontroll

Ved innføring av automatisert kontroll vil bankane og skattemyndigheitene sende verjemålsmyndigheiten opplysningane knytt til kontoutskrift og skattemelding som verjene sender i dag. I første omgang vert det lagt opp til årleg oversending, men på sikt vil oversendinga frå bankane kunne skje fortløpande. Skattemyndigheitene må sende grunnlagsdata dei har fått i samband med skattemeldinga. I nokre verjemål kan det vere aktuelt å sende opplysningane oftare enn éi gong i året, til dømes dersom skattemeldinga vert korrigert. Når automatisert kontroll kjem på plass, skal verjene som hovudregel berre gi ein årleg rapport som tilsvarar dagens fullstendeerklæring.

Den automatiserte kontrollen vil foregå ved at ein regelmotor, som vert drifta av Statens sivilrettsforvaltning, går gjennom alle opplysningane som finansinstitusjonane og skattemyndigheitene sender inn. Regelmotoren vil melde frå om avvik, som fylkesmannen må kontrollere og følgje opp på eigna vis. Før regelmotoren er ferdig utvikla, vil fylkesmannen fortsette som no og gjere eit uttrekk på ein viss prosent av verjerekneskapa og gjere ein manuell kontroll av desse.

Innføring av automatisert kontroll er eit viktig effektiviseringstiltak samstundes som det vil gi auka tryggleik for verjehavaren. Sjå meir under punkt 12 om verjemålslova § 66 om personopplysningar. Reduksjon i verjas oppgåver tilseier i utgangspunktet òg reduksjon i godtgjeringa. Dette er likevel ikkje aktuelt, då verja i staden bør bruke frigjort tid til mellom anna å sikre sjølvråderett for verjehavaren.

7.3 Endring i verjemålsforskrifta kapittel 2

7.3.1 Endring i kapitteloverskrifta

Overskrifta i verjemålsforskrifta kapittel 2 lyder: *Vergemålsmyndighetens kontroll av vergeregnskapene. Revisjon*. Med automatisert kontroll, bør omgrep knytt til verjerekneskap ikkje lenger nyttast i forskrifta, bortsett frå i dei tilfella der fylkesmannen pålegg verja det som i dag vert kalla *utvidet regnskapsplikt*, sjå verjemålslova § 21. Overskrifta i kapittel 2 bør difor endrast til: *Vergemålsmyndighetens kontroll. Revisjon*.

7.3.2 Endring i verjemålsforskrifta § 6

Ved innføring av automatisert kontroll vert Statens sivilrettsforvaltning ansvarleg for å utforme og drifte regelmotoren som gjennomgår opplysningane frå skattemyndigheitene og bankar. Departementet foreslår difor å endre pliktsubjektet i det som i dag står i verjemålsforskrifta § 6 første punktum til *Statens sivilrettsforvaltning og fylkesmannen*.

7.3.3 Endringer i verjemålsforskrifta § 7

Overskrifta i verjemålsforskrifta § 7 vert foreslått endra frå *Fylkesmannens kontroll av vergeregnskapene til Fylkesmannens kontroll av vergerapporter mv.*

Tilsvarande som i punkt 7.3.2. foreslår departementet at Statens sivilrettsforvaltning vert tatt inn som pliktsubjekt saman med fylkesmannen i første punktum.

Gjeldande verjemålsforskrift § 7 første punktum seier at fylkesmannen skal gå gjennom rekneskapet til verjene. Som følgje av at det vert innført automatisert kontroll, vil det ikkje lenger vere aktuelt for fylkesmannen å ta imot rekneskap frå verja, men i staden ta imot verjerapport tilsvarande fullstendeerklæring, med unntak av dei som har rekneskapsplikt etter verjemålsforskrifta § 21. Departementet foreslår difor å erstatte dagens § 7 første punktum med: *Fylkesmannen skal gå gjennom rapportene og regnskapene fra vergene og følge opp sakene hvor det er identifisert avvik.*

Vidare foreslår departementet at formuleringa i § 7 tredje punktum om at fylkesmannen kan innkalle til eit møte for å *ta imot og gjennomgå regnskapet* vert endra til *ta imot og gjennomgå rapporten eller regnskapet.*

7.3.4 Endring i verjemålsforskrifta § 8 om revisjon

Departementet foreslår å endre verjemålsforskrifta § 8 første ledd første punktum til at det er *Statens sivilrettsforvaltning* som vel revisor.

Departementet foreslår òg å endre § 8 første ledd andre punktum i samsvar med punkt 7.3.2 og 7.3.3. Ordlyden *Revisor skal påse at fylkesmannens internrevisjon og kontroll av vergeregnskapene er i samsvar med reglene i § 6 og § 7 og instruks etter § 9* vert då endra til *Revisor skal påse at fylkesmannens internrevisjon og kontroll av vergerapportene og vergeregnskapene er i samsvar med reglene i § 6 og § 7 og instruks etter § 9.*

Fristen for innsending av revisors rapport er seinare år sett til 15. november. I samsvar med forslag til endringer i punkt 7.3.2 og 7.3.3 foreslår departementet at ordlyden i andre ledd vert endra til *Revisors uttalelser om fylkesmannens kontroll, internkontroll og eventuelle andre uttalelser skal sendes Statens sivilrettsforvaltning innen 15. november hvert år.*

Det går fram av § 8 tredje ledd tredje punktum at den sentrale verjemålsmyndigheita skal treffe vedtak om å følgje opp fråsegna frå revisor. Det er ikkje alltid behov for å treffe vedtak, men heller sette i verk tiltak. Departementet foreslår difor å endre ordlyden i § 8 tredje ledd tredje punktum til at *Statens sivilrettsforvaltning godkjenner uttalelsene og iverksetter så snart som mulig nødvendige tiltak for å følge opp uttalelsene.*

7.3.5 Endring av verjemålsforskrifta § 9

Departementet foreslår å endre verjemålsforskrifta § 9 slik at pliktsubjektet blir Statens sivilrettsforvaltning. Vidare foreslår departementet å endre ordlyden *kontroll av vergeregnskapene* til *kontroll av vergerapportene og vergeregnskapene*. Departementet presiserer òg at instruksjonen kan omfatte revisjon av vurderingane og uttalelsane om både

Statens sivilrettsforvaltning og fylkesmannen sin kontroll etter § 7 og annan kontroll etter § 6.

7.4 Endring i verjemålsforskrifta kapittel 5

7.4.1 Endring i kapitteloverskrifta

Kapitteloverskrifta i verjemålsforskrifta kapittel 5 lyder: *Vergens regnskapsplikt*. Departementet foreslår å endre overskrifta til *Vergens rapporterings- og regnskapsplikt*. Sjå punkt 7.3.1. I hovudsak vil verjene berre ha ei rapporteringsplikt som tilsvarar dagens fullstendeerklæring, men på grunn av opninga for å fastsetje rekneskapsplikt etter verjemålsforskrifta § 21 foreslår departementet å behalde *regnskapsplikt* i overskrifta.

7.4.2 Endringar i verjemålsforskrifta § 20 *Vergens regnskapsplikt*

Departementet foreslår å endre overskrifta i § 20 frå *[v]ergens regnskapsplikt* til *Vergens rapporteringsplikt og finansinstitusjoners opplysningsplikt*.

Der ordlyden i § 20 første og tredje ledd viser til *regnskapsplikt* vert denne endra til *rapporteringsplikt*. Tilsvarande vert *vergeregnskapet* i § 20 fjerde ledd endra til *vergerapporten*.

Departementet foreslår vidare at andre ledd vert endra. Innføring av automatisert kontroll føreset at finansinstitusjonar sender over opplysingar om samtlege transaksjonar til både Statens sivilrettsforvaltning og fylkesmannen. På sikt skal opplysningane sendast oftare enn òi gong i året. Tilvisinga til at opplysningane skal oversendast 31. desember vert difor foreslått tatt ut. Føresegna vert foreslått endra til *[f]inansinstitusjonene der midlene er plassert skal gi vergemålsforvaltningen opplysninger om samtlige transaksjoner for de konti vergen eller fylkesmannen disponerer*.

Det er viktig at verjemålsmyndigheita kan pålegge finansinstitusjonane å sende inn alle dei opplysningane som er nødvendige til bruk ved kontroll og tilsyn. Departementet meiner difor ein bør presisere i andre ledd siste punktum at Statens sivilrettsforvaltning kan fastsetje når opplysningane skal leverast.

Ved innføring av automatisert kontroll er det nødvendig å gjere fleire endringar i verjemålsforskrifta § 20 tredje ledd. Innhaldet i dagens § 20 bokstav a, b og e utgår, medan bokstav c og d vert tatt inn i § 20 tredje ledd nytt andre og tredje punktum. Det er i § 20 tredje ledd nytt siste punktum presisert at Statens sivilrettsforvaltning kan gi nærare føresegner om innhaldet i årleg verjerapport.

7.4.3 Endring i verjemålsforskrifta § 21 om adgang til å pålegge utvida rekneskapsplikt

Når verja i utgangspunktet ikkje lenger skal ha plikt til å levere rekneskap, vert ordlyden *utvidet regnskapsplikt* i både overskrifta og i føresegna lite heldig. Departementet foreslår å erstatte *utvidet regnskapsplikt* med *regnskapsplikt*. Vi presiserer at den som skal levere rekneskap etter § 21, òg skal levere årleg rapport etter § 20.

7.4.4 Endring i verjemålsforskrifta § 22 om frist for å sende inn rekneskap mv.

Verjemålsforskrifta § 22 regulerer i dag frist for innsending av verjerekneskap. Fristen bør gjelde både rapport og rekneskap. Departementet foreslår difor å endre overskrifta til *[f]rist for å sende inn rapport, regnskap mv*, og å legge til vergerapport i første, andre og fjerde ledd. Omgrepet *selvangivelse* vert endra til *skattemelding*.

7.4.5 Endring i verjemålsforskrifta § 23 om fritak for rekneskapsplikt.

Departementet foreslår at *regnskapsplikt* vert byta ut med *rapporterings- og regnskapsplikt* både i overskrifta og i føresegna.

7.4.6 Endring i verjemålsforskrifta § 24 om rekneskapsplikt for andre midler

Departementet foreslår at *regnskapsplikt* vert byta ut med *rapporterings- og regnskapsplikt* i overskrifta.

8. Andre endringar

Det er behov for å oppdatere nokre omgrep og tilvisingar i regelverket og å gjere nokre presiseringar og endringar basert på praksis.

8.1 Endring av ordlyden *under vergemål*

Verjemål utan fråtaking av rettsleg handleevne er ei frivillig ordning som varetek sjølvråderetten. Verjemål er eit støttetiltak, og dei språklege formuleringane i regelverket bør gi uttrykk for dette. Ordlyden *person under vergemål* gir ikkje assosiasjonar til frivilligheit. Regjeringa ønskjer å komme tilbake med ei nærare vurdering av ordbruken i verjemålslova for å sikre eit lovspråk som bidreg til å understreke sjølvråderetten, men framtidig lovspråk er førebels ikkje ferdig utgreidd. Inntil vidare foreslår vi difor å justere forskrifta ved å ta bort formuleringa *under vergemål* og i staden nytte omgrepet *vedtatt vergemål for*, slik det er allereie er brukt i verjemålslova § 2 andre ledd. Endringa gjeld (i nokre ulike versjonar) i §§ 3, 7, 10, 11, 14, 17, 19, 20, 22, 23, 24, 26 og 35 i forskrifta.

Den endra ordlyden i forslaget gir betre samsvar med FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) artikkel 12, om at menneske med nedsett funksjonsevne har rettsleg handleevne på lik linje med andre, på alle område i livet.

8.2 Endring av ordlyden *sentral vergemålsmyndighet*

Ordlyden *sentral vergemålsmyndighet* i forskrifta kan med fordel gjerast klarare. Forskrifta skal operasjonalisere reglane i lova, og ein bør difor vise direkte til namnet til instansen, her Statens sivilrettsforvaltning, i staden for det abstrakte omgrepet *sentral vergemålsmyndighet*. Endringa gjeld §§ 5, 8, 14, 18, 25, 28, 39, 40 og 41.

8.3 Årsmelding frå Statens sivilrettsforvaltning

Det er viktig at staten og samfunnet kan følgje med på korleis dei ulike offentlege verksemdene fungerer.

Verjemålsforskrifta § 5 fjerde ledd seier:

Den sentrale vergemålsmyndigheten skal utarbeide en årsmelding for sin virksomhet der det gis en løpende vurdering av vergemålsområdet. Årsmeldingen skal gjøres offentlig tilgjengelig.

Årsmeldinga for verjemål har mykje nyttig informasjon. Den gir eit godt bilete av alt som er gjort på feltet og aktuelle utfordringar, men plikta til å utarbeide ei årsmelding treng ikkje regulerast i forskrift.

Departementet foreslår difor at verjemålsforskrifta § 5 fjerde ledd vert oppheva og at krav til årsmelding i staden bør stå i tildelingsbrev eller instruks.

8.4 Tilvising til regelverk om innskotsgaranti

I verjemålsforskrifta § 25 andre ledd heiter det:

Dersom det skal forvaltes et større beløp enn det som følger av lov 6. desember 1996 nr. 75 om sikringsordninger for banker, forsikringsselskapenes garantiordninger og offentlig administrasjon mv. av finansinstitusjoner § 2-10 annet ledd, skal en oppnevnt verge velge plassering i flere banker slik at samtlige midler omfattes av innskuddsgarantien.

Lova om sikringsordningar frå 1996 vart oppheva frå 1. januar 2016, sjå lov 10. april 2015 nr. 17 og resolusjon 10. april 2015 nr. 350. Innskotsgarantien er no heimla i lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova) § 19-9 andre ledd, og tilvisinga vert difor endra.

8.5 Tilvising til folketrygdlova

Verjemålsforskrifta § 19 første ledd seier:

Fylkesmannen skal dekke godtgjøringen og utgiftene til vergen etter § 16 til § 18 dersom personen under vergemål

- a) har en bruttoinntekt som er lik eller lavere enn minstepensjonen etter folketrygdloven § 3-4 annet ledd, tillagt renteinntekt av formuen, jf. bokstav b, og*
- b) har en formue på kr 50 000 eller mindre.*

Folketrygdlova § 3-4 er erstatta av folketrygdlova § 12-13, og tilvisinga vert difor endra.

Folketrygdlova § 12-13 lyder:

§ 12-13. Uføretrygdens størrelse

Uføretrygd ytes med 66 prosent av grunnlaget etter § 12-11.

Minste årlige ytelse er 2,28 ganger grunnbeløpet (ordinær sats) for personer som lever sammen med en ektefelle (se § 1-5) eller med en samboer i et samboerforhold som har vart i minst 12 av de siste 18 månedene. Minste årlige ytelse er likevel 2,33 ganger grunnbeløpet dersom vedkommende mottar en uføretrygd som er en omregnet uførepensjon. For andre utgjør minste årlige ytelse 2,48 ganger grunnbeløpet (høy sats).

For et medlem som har blitt ufør før fylte 26 år på grunn av en alvorlig og varig sykdom, skade eller lyte som er klart dokumentert, er minsteytelsene som nevnt i andre ledd henholdsvis 2,66 og 2,91 ganger grunnbeløpet. Dette gjelder selv om et medlem har vært mer enn 50 prosent yrkesaktiv etter fylte 26 år, dersom det er klart dokumentert at vilkårene i første punktum var oppfylt før 26 år og kravet settes fram før fylte 36 år. Bestemmelsen i første punktum gjelder også når uføretrygd gis på nytt etter at ytelsen er falt bort på grunn av prøving mot inntekt etter § 12-14. Minsteytelsen etter leddet her ytes tidligst fra og med den måneden medlemmet fyller 20 år.

Når trygdetiden etter § 12-12 er kortere enn 40 år, avkortes uføretrygden tilsvarende. Ytelsen til en flyktning (se § 1-7) som er medlem i folketrygden, skal likevel ikke settes lavere enn minsteytelsen etter andre ledd uten avkorting for trygdetid.

Dersom uføregraden etter § 12-10 er lavere enn 100 prosent, fastsettes uføretrygden til en forholdsmessig andel av beløpet etter første til fjerde ledd.

III. ENDRINGAR I VERJEMÅLSLOVA

9. Endring i verjemålslova § 29

Departementet foreslår å tilføye eit nytt andre punktum i verjemålslova § 29 andre ledd slik at fylkesmannen kan ta frå ei verje vervet, for å sikre effektiv ressursutnytting.

9.1 Gjeldande rett

Verjemålslova § 29 andre ledd første punktum opnar for at fylkesmannen kan fråta ei oppnemnd verje vervet *dersom dette vil vere til beste for den som er satt under vergemål*. Vidare går det fram av andre punktum at *Fylkesmannen skal frata en oppnevnt verje vervet dersom hensynet til den som er satt under vergemål, gjør dette nødvendig*. Dersom verja vert fråtatt vervet, skal det oppnemnast ei ny verje.

9.2 Vurdering av moglege lovendingar

Verjemålslova § 29 er eit sikringstiltak for å trygge at personar med oppnemnd verje får tilstrekkeleg og god støtte til å treffe avgjerder i eige liv og for å hindre ulike former for misbruk og diskriminering. Eit effektivt sikringstiltak krev at fylkesmannen kan gripe inn og endre ei eksisterande verjeoppnemning. I lova § 29 andre ledd er det sett vilkår for når fylkesmannen kan ta frå ei verje oppdraget. Dette kan i dag skje når endringa *vil vere til det beste for den som er satt under vergemål*.

Departementet forslår for det første å endre paragrafen for å styrke sjølvråderetten til personen, jf. CRPD artikkel 12. Departementet foreslår at noverande ordlyd blir erstatta med ei formulering om at ei endring kan skje når endringa *vil være i tråd med ønskene til personen det er vedtatt vergemål for*. Endringa i ordlyden søkjer å markere at det er personen si vilje, ønskjer og preferansar som skal vere i forgrunnen for dei vurderingane som fylkesmannen her må gjere. Dette inneber at fylkesmannen skal legge vekt på ønskja til personen også der personen ikkje er samtykkekompetent i medisinsk forstand. For å ikkje skape ei utrygg ordning for den det gjeld, legg departementet til grunn at fylkesmannen må ha klarlagt kva som er ønskja til personen i saka.

Departementet held fast ved utgangspunktet om at fylkesmannen skal oppnemne verjer som er *egnet* for det konkrete verjeoppdraget. Kvar enkelt verjehavar skal ha ei verje som tek vare på personen sine interesser i tråd med vedkomande sine ønskjer og vilje. Dette inneber både krav til innhaldet av tenestene, men også krav om samanheng mellom tenestekvalitet og kostnad. Dette gjeld uansett, og ikkje minst der det er verjehavar sjølv som pliktar å betale for tenesta.

Der godtgjering og utgiftsrefusjon blir betalt av det offentlege har fylkesmannen ansvar for at dei midla som er som er sett av til området, samla sett gir gode og likeverdige tenester for dei som treng det. I spesielle høve kan det vere behov for å fråta ei oppnemd verje vervet, uavhengig av om ønskja til personen krev det, og uavhengig av om verja leverer gode verjetenester, men for samla sett å sikre ei best mogleg fungerande verjeordning for alle som har nytte av ei slik støtte. Til dømes kan fylkesmannen ha behov for å omdisponere verjekorpset slik at kompetansen kan flyttast dit den gjer best nytte. Andre gonger kan geografiske omsyn tilseie ei endring for å sikre betre ressursutnytting. Vidare kan omsynet til god ressursutnytting tilseie at fylkesmannen bør finne ei verje som gir lågare kostnad for personen og/eller det offentlege. Det kan innebære at ei advokatverje blir erstatta av ei fast verje, eller at ei fast verje blir erstatta av ei alminneleg verje, til dømes ein pårørande. Det vil ofte vere slik at ein person har nytte av støtte frå ei profesjonell verje ein periode, men at det deretter er tilstrekkeleg med ein pårørande som verje. Ei slik endring vil spare personen for kostnadar. Også ved slike vurderingar er personen sin sjølvråderett og personen sine ønskjer og preferansar utgangspunktet i kvar enkelt sak.

Forslaget er avgrensa til det tilfelle der endringa venteleg vil gi ei meir *velfungerende ordning* som har betre *ressursutnyttelse*. Det er i denne samanhengen vesentleg å understreke at Noreg har mange svært kompetente, faste verjer som gjer ein viktig innsats i samfunnet og som gjer ein uvurderleg innsats for dei personane dei støtter i kvardagen. Det er difor vesentleg at fylkesmannen forvaltar verjekorpset og moglegheita for fråtaking av verjeoppdrag, på ein måte som gjer at verjene opplever tryggleik for oppdraga og for eiga utkome.

Denne utvida retten til å ta frå verja eit verjeoppdrag, skal ikkje gjelde verjer som er pårørande. Når ein pårørande er verje, er det fleire omsyn å ta, og ei endring kan vere meir inngripande enn ei endring av kven som er fast verje. Med omgrepet *pårørande* siktar departementet til den gruppa nære pårørande som er nemnd i verjemålslova § 56 første ledd bokstav b. Dette gjeld *personens ektefelle, samboer, foreldre, nærmeste livsarving eller søsken*, jf. § 56 første ledd bokstav b.

Departementet gjer i tråd med dette forslag om å innføre eit nytt andre punktum slik:

En verge som ikke er pårørende, kan også fratas vervet som verge for å sikre en velfungerende ordning med god ressursutnyttelse.

Vi viser også til høringsnotat frå Justis- og beredskapsdepartementet, Lovavdelinga, frå november 2018, der det er gjort forslag om at personen sjølv kan krevje endring av kven som er verje. Det er òg gjort forslag om at ein pårørende kan krevje endring i kven som er verje der personen sjølv ikkje er i stand til det. Desse to forslaga er meint å styrke kvarandre. Endringane er i tråd med CRPD-komiteen si forståing av CRPD-konvensjonen. Desse endringane er til oppfølging i departementet. Det er ikkje foreslått endringar som kolliderer med forslaget her. Forslaget til ny formulering tek utgangspunkt i gjeldande lovtekst og ikkje den teksten som allereie er sendt på høyring. Departementet vil tilpasse forslag i samsvar med høringsnotatet frå 2018 når dette vert følgt opp.

10. Endringar i verjemålslova § 53 om rekneskapsplikt

10.1 Gjeldande rett

Verjemålslova § 53 gir heimel til å regulere verja og fylkesmannen si rekneskapsplikt i forskrift.

10.2 Vurdering av moglege lovendringar

For å tilpasse føresegna til automatisert kontroll foreslår departementet at overskrifta og ordlyden i verjemålslova § 53 vert endra frå *regnskapsplikt* til *rapporterings- og regnskapsplikt*. Sjå nærare grunngiving for omlegging til automatisert kontroll av verjene si forvaltning i punkt 7.

11. Endringar i verjemålslova § 54 opplysningsplikt for institusjonar mv.

11.1 Gjeldande rett

Føresegna i verjemålslova § 54 andre ledd viser til at institusjonar og personar som er nemnd i første ledd har opplysningsplikt overfor fylkesmannen. Vidare framgår det av tredje ledd at:

Vergen og fylkesmannen har, uten hinder av taushetsplikt, rett til innsyn i opplysninger hos skattemyndighetene om personer under vergemål og om personer som er begjært satt under vergemål, når slikt innsyn er nødvendig for at vergen og fylkesmannen skal kunne ivareta sine oppgaver etter loven her.

11.2. Vurdering av moglege lovendringar

Departementet foreslår å presisere i andre ledd at opplysningsplikta for institusjonar mv. gjeld utan hinder av teieplikta.

I Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) står det at opplysningsplikta etter verjemålslova § 54 andre ledd skal bli forstått slik at dei nemnde pliktsubjekta etter *begjæring* frå *vergen eller fylkesmannen* skal gi opplysningar. For å kunne legge til rette for automatisert kontroll

foreslår departementet å forskriftsfeste at finansinstitusjonar årleg eller oftare skal ha plikt til å utlevere opplysningar om alle transaksjonar utan *begjæring*, sjå punkt 7.4.2.

Vidare legg verjemålslova § 54 andre og tredje ledd i dag opp til at det berre er fylkesmannen som mottok opplysningar frå finansinstitusjonane og skattemyndigheitene. Det vil etter forslaget vere Statens sivilrettsforvaltning som skal drifte systemet for automatisert kontroll, og difor bør føresegna gi heimel for at Statens sivilrettsforvaltning kan få slike opplysningar utlevert til seg direkte. Departementet foreslår difor å byte ut ordet *fylkesmannen* med *vergemålsmyndigheten* i verjemålslova § 54 andre og tredje ledd.

12. Endringar i verjemålslova § 66 om behandling av personopplysningar

12.1 Gjeldande rett

Verjemålslova § 66 gir verjemålsmyndigheitene rett til å behandle sensitive og ikkje-sensitive personopplysningar. I arbeidet med kontroll av verjehavaren sin personlege økonomi må ein velje løysingar som i størst mogleg grad tek vare på personvernet. Ved automatisert kontroll vil ikkje fleire opplysningar bli oversendt enn det som blir sendt i dag. I motsetnad til tidlegare vil manuell gjennomgang av verjehavar sin økonomi i hovudsak berre vere aktuelt i saker med avvik.

12.2. Vurdering av moglege lovendringar

Lov 2018-06-15-38 om personopplysningar (personopplysningslova) brukar ikkje termen *sensitive personopplysningar*. Det heiter i staden *særlige kategorier av personopplysningar*, jf. personvernforordninga artikkel 9 nr. 1. Termen er lite forståeleg når den står åleine i særlovgivninga. Vi foreslår difor å endre ordlyden i verjemålslova § 66 til *personopplysningar som nevnt i personvernforordningen artikkel 9 nr. 1*.

IV. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

Sett bort frå løyvinga på 2,5 mill. kr til automatisert kontroll, jf. Prop. 1 S (2019-2020) og Innst. 6S (2019-2020), byggjer forslaga i høyringsnotatet på føresetnaden om at dei samla ikkje skal føre til meirutgifter for staten eller for verjehavarar som gruppe .

Etter hovudregelen i verjemålsforskrifta § 19 skal vaksne betale verja si sjølve, med mindre dei har inntekt/formue under fastsette grenser. Departementet har ved utarbeiding av forslaga lagt stor vekt på økonomiske konsekvensar for verjehavar. Det er vanskeleg å talfeste kva som vert eksakte økonomiske konsekvensar av forslaget for den enkelte verjehavar som godtgjer verja si sjølv. Nokre vil kunne få litt større utgifter, og nokre verjehavarar vil kunne få litt mindre utgifter, ettersom eit av føremåla med framlegget er å redusere antalet saker med timegodtgjering.

Er inntekta og formuen under dei fastsette grensene, skal staten betale for verja. I tillegg er det ei skjønsmessig opning for at staten heilt eller delvis kan betale for verja dersom omsynet til personen si betalingsevne tilseier det. Staten dekkjer òg godtgjering til verjer for mindreårige.

Talet på verjemål og andre tal som verkar inn på utrekningane.

Datakvaliteten har ikkje vore god nok til å seie nøyaktig i kor mange saker staten har godtgjort verja. Ein tidlegare manuell gjennomgang av 150 saker viste at staten betalte i om lag 30 prosent av tilfella i saker med vaksne personar med verje. Gjennomgangen tydde òg på at verjer i dei mest krevjande sakene i større grad vert godtgjorte av staten, og at staten godtgjer i fleire nyare saker enn i gamle. Tala er likevel usikre fordi ein berre gjekk gjennom relativt få saker.

Frå februar 2020 har det vore mogleg å hente ut meir informasjon om godtgjerings sakene. Datainnsamlinga omfattar berre informasjon om godtgjerings saker som av ulike grunnar har vorte saksbehandla etter januar 2020. Uttrekket tyder på at staten godtgjer i fleire tilfelle, anslagsvis i 40-50 prosent av tilfella. Desse tala er òg usikre fordi dei er henta frå ei avgrensa periode på året.

Forslaget om ein oppstartssats

Dei økonomiske og administrative konsekvensane av å innføre ein oppstartssats på høvesvis kr 2000 for alminnelege verjer og kr 4000 for faste verjer, vil vere avhengig av kor mange verjemål som vert oppretta årleg, i kor mange av desse det er aktuelt å gi ein oppstartssats og fordelinga mellom alminnelege og faste verjer.

Kvart år vert det oppretta om lag 6000 verjemål. Oppstartssats skal ikkje nyttast i alle høve, til dømes ikkje der verja kjenner verjehavar godt frå før. Det er difor vanskeleg å seie i kor mange tilfelle det er aktuelt med oppstartssats. Dersom ein legg til grunn at oppstartssats er aktuelt i til dømes 3000 saker og at staten betalar i omlag 40-50 prosent av tilfella, skal staten betale oppstartssats i om lag 12-1400 saker. Departementet legg til grunn at det vil vere fleire faste verjer enn alminnelege verjer som vil få oppstartssats.

Sjølv om det allereie i dag er mange verjer som får timegodtgjering ved oppstart, kan ein tydeleg heimel for dette i verjemålsforskrifta § 16 medføre at fleire enn i dag får slik godtgjering. Departementet anslår at forslaget vil gi ei utgiftsauke på 2-3 mill. kroner. Anslaget er usikkert.

Ein god innsats i starten av oppdraget vil gi ein kvalitetsgevinst seinare ved at behova og ønskjene blir tydeleggjort og tatt meir omsyn til. Sidan verjene vert godtgjorte ved bruk av faste satsar, vil dette derimot ikkje gi budsjettinnsparing i form av lågare godtgjering i det løpande verjemålet.

Forslaget om ein høgare sats

Som det går fram av høyringsnotatet punkt 4.2, skal den høgare satsen famne om dei tilfella der verja allereie får timegodtgjering i dag. Det er difor i utgangspunktet ikkje meininga at forslaget skal innebere at verjehavarane må betale meir. Departementet legg likevel til grunn at forslaget vil kunne medføre noko auka utgifter, anslagsvis 3-5 mill. kr.

Handteringa av godtgjerings sakene i embeta har vore langt meir krevjande enn føresett ved reformstart i 2013 og har medført at andre oppgåver har blitt nedprioriterte. Årsrapportane for fylkesmennene frå 2019 viser at arbeid med verjegendtgjering framleis krev store ressursar. Enkelte embete har tidlegare anslått at dei brukar heile 20 prosent av

årsverka på å behandle godtgjeringsaker. Innføring av ny høgare sats vil medføre ein gevinst for embeta i form av arbeidsinnsparing som kan gjere at dei i større grad kan prioritere andre kjerneoppgåver.

Forslaget om ny innskjerpa timegodtgjeringsregel

Mange verjer vert i dag godtgjorte per time i svært enkle og mellombelse oppdrag. For desse sakene vil forskriftsfestinga gi minimale økonomiske utslag.

I krevjande oppdrag vil dei aller fleste som får timegodtgjering i dag, ikkje få timegodtgjering etter forslaget her, men få ny høgare sats.

Det er vanskeleg å anslå kor mange oppdrag som vil kvalifisere for den nye timegodtgjeringsregelen, og dermed kva kostnader den i realiteten vil medføre. Departementet har i sine utrekningar lagt til grunn at timegodtgjering vil vere aktuelt i omlag 10 oppdrag i kvart embete, med eit snitt på 50 timar i kvart oppdrag. Med ei slik praktisering av regelen vil timegodtgjeringskostnader samla utgjere 2 mill kroner, og forslaget om endring i godtgjeringsreglane vil ikkje gi meirutgifter samanlikna med dagens ordning. Departementet sitt anslag er usikkert, men bør samstundes tolkast som eit signal på kor strengt timegodtgjeringsreglen skal praktiseras. Som nemnd under 5.2, er det viktig at fylkesmennene gir oss anslag på kor mange saker som vil vere aktuelle for timegodtgjering og kor mange timar dei truleg vil medføre i snitt.

Salærsatsen

Vi har ikkje sikre tal på kor mykje av dei totale utgiftene til verjegendtgjering som går til advokatverjer med offentlig salærsats. Embeta oppnemner i svært lita grad advokatverjer med offentlig salærsats i nye oppdrag, og utgiftene til offentlig salær knyt seg difor i stor grad til eldre saker. Den manuelle gjennomgangen av dei 150 sakene (som er omtala ovanfor) viste at det er nytta advokatverje på salærsats i om lag 10 prosent av sakene. Ugiftene i desse sakene tilsvarte 25 prosent av dei totale godtgjeringsutgiftene. Dette samsvarar med data som er trekt ut frå saksbehandlingsløyisinga i 2020.

Med forslaget i høyringsnotatet blir opninga for godtgjering på salærsats vesentleg innskrenka. Departementet anslår at dei årlege utbetalingane til advokatverjer på salærsats etter forslaget her vil utgjere om lag 10 mill. kroner mot 26 mill. kr i dag. Det vil likevel ikkje bli ei innsparing på 16 mill. kr, fordi advokatverjene enten må erstattast med med andre verjer, eller forsette med vanleg godtgjering. Kostnadane vil mellom anna henge saman med om desse er faste og alminnelege verjer. Departementet anslår likevel at forslaget vil innebere ei innsparing på om lag 10 mill. kr, men dette anslaget er høgst usikkert.

Administrative kostnader

Fylkesmannsembeta har anslått at dei brukar opp mot 20 prosent av årsverka sine til å behandle saker om godtgjering. Innføring av ein høgare sats og klarare reglar for når timegodtgjering er aktuelt i krevjande saker, vil på sikt medføre ein effektiviseringsgevinst. Denne gevinsten skal dei mellom anna bruke på å handtere

informasjonen frå verja. Vi antar òg at dei vil følgje opp fleire avvik ved innføring av automatisert kontroll, og dei skal utføre tilsyn i saker om timegodtgjering i krevjande saker.

Statens sivilrettsforvaltning vil bruke meir tid på å drifte og vedlikehalde regelmotoren som skal sikre automatisert kontroll. Departementet legg difor til grunn at forslaga ikkje vil gi ei administrativ innsparing, men at ressursbruken vil endrast inn mot meir kontroll og med det, auka kvalitet.

Særlege ønskjer om innspel

Vi ber om høyringsinstansane sine synspunkt på tal og utrekningar. Vi ønskjer òg andre innspel til dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga.

V. FORSLAG TIL ENDRINGAR

A. Endringar i verjemålsforskrifta

I forskrift 15. februar 2013 nr. 201 til verjemålslova (verjemålsforskrifta) foreslår vi følgjande endringar:

§ 3 første ledd vert endra slik:

§ 3. Tilsyn med uskiftebo der det er vedtatt vergemål for arving

Det skal oppnevnes en midlertidig verge (setteverge) når *uskifteboet har mindreårige arvinger eller arvinger det er vedtatt vergemål for* og gjenlevende ektefelle er vergen til arvingene, jf. arveloven § 15. Fylkesmannen skal orientere den midlertidige vergen og gjenlevende ektefelle om bestemmelsene i arveloven som er av betydning for retten til å sitte i uskiftet bo.

§5 andre og tredje ledd vert endra slik:

§ 5. Den sentrale vergemålsmyndighetens oppgaver

Statens sivilrettsforvaltning skal behandle klager over fylkesmannens vedtak etter vergemålsloven.

Statens sivilrettsforvaltning skal videre drive opplæring og føre tilsyn med fylkesmannens oppgaver etter vergemålsloven. Tilsynet skal særleg rettes inn mot en kontroll av at oppgavene utføres i samsvar med lov og forskrift, og at det sikres enhetlig praksis som skaper rettssikkerhet og rettslikhet. *Statens sivilrettsforvaltning* skal føre tilsyn med at det er etablert systemer og rutiner som sikrer at de eiendelene som forvaltes av fylkesmannen etter

vergemålsloven, forvaltes på en forsvarlig måte, og at eventuelle økonomiske misligheter forebygges og avdekkes.

§5 fjerde ledd vert oppheva.

Overskrifta i verjemålsforskrifta kapittel 2 vert endra slik:

Vergemålsmyndighetens kontroll . Revisjon

§ 6 vert endra slik:

§ 6. Systemer for internkontroll

Statens sivilrettsforvaltning og fylkesmannen skal etablere systemer og rutiner som sikrer at eiendelene som forvaltes etter vergemålsloven, forvaltes på en forsvarlig måte og i samsvar med de bestemmelser, reglement og instruksjer som gjelder på området slik at eventuelle økonomiske misligheter forebygges og avdekkes. De nærmere rammene for internkontrollen følger av instruksjen etter § 9.

§ 7 vert endra slik:

§ 7. Fylkesmannens kontroll av vergerapporter mv.

Fylkesmannen skal gå gjennom rapportene og regnskapene fra vergene og følge opp sakene hvor det er identifisert avvik. Fylkesmannen kan kreve ytterligere opplysninger og fremleggelse av bilag knyttet til vergens økonomiske disposisjoner på vegne av personen det er vedtatt vergemål for. Fylkesmannen kan innkalle vergen til møte for å ta imot og gjennomgå rapporten eller regnskapet og for fremvisning av verdipapirer eller andre formuesgjenstander for å kontrollere at disse er i behold. De nærmere reglene for kontrollen følger av instruksjen etter § 9.

§ 8 vert endra slik:

§ 8. Revisjon

Statens sivilrettsforvaltning velger revisor. Revisor skal påse at fylkesmannens internrevisjon og kontroll av vergerapportene og vergeregnskapene er i samsvar med § 6 og § 7 og instruksjen etter § 9. Forvaltningslovens regler om taushetsplikt skal gjelde tilsvarende for revisor. Revisor kan kreve innsyn i alle opplysninger som er nødvendig for å utføre oppdraget.

Revisors uttalelser om fylkesmannens kontroll, internkontroll og eventuelle andre uttalelser skal sendes Statens sivilrettsforvaltning innen 15. november hvert år.

Uttalelsene skal redegjøre for om kontrollen er beheftet med vesentlige feil eller svakheter. Kopi sendes fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning godkjenner uttalelsene og iverksetter så snart som mulig nødvendige tiltak for å følge opp uttalelsene.

§ 9 vert endra slik:

§ 9. Instruks

Statens sivilrettsforvaltning fastsetter instruks om fylkesmannens internkontroll, kontroll av *vergerapportene* og vergeregnskapene og revisjon etter § 6 til § 8, herunder nærmere regler om revisjon av vurderingene og uttalelsene om fylkesmannens *kontroll etter § 7* og øvrig kontroll etter § 6.

§ 10 vert endra slik:

§ 10. Forvaltning av eiendeler som ikke tilhører personer *det er vedtatt vergemål for*

Bestemmelsene i kapittelet her gjelder tilsvarende for fylkesmannens forvaltning av midler som ikke tilhører personer *det er vedtatt vergemål for*, jf. vergemålsloven § 96 og § 97.

§ 11 første ledd vert endra slik:

§ 11. Nærmere regler om begjæring av vergemål

Begjæring om opprettelse av vergemål etter vergemålsloven § 56 skal begrunnes. Begrunnelsen skal inneholde en beskrivelse av tilstanden til personen som *det begjæres vergemål for*, samt en vurdering av på hvilke områder det antas at personen har behov for bistand fra verge.

§ 14 vert endra slik:

§ 14. Vilkår for lån fra midler som tilhører mindreårige eller person *det er vedtatt vergemål for*

Fylkesmannen kan i særlige tilfeller samtykke til å låne ut midler som tilhører *mindreårige eller personer det er vedtatt vergemål for* etter reglene i vergemålsloven § 39 første ledd bokstav j. Fylkesmannen kan bare samtykke til slike lån om det stilles betryggende sikkerhet for kravet. Om det stilles sikkerhet i fast eiendom, skal det utstedes en pantobligasjon som tinglyses på eiendommen og overleveres fylkesmannen for sikker oppbevaring. *Statens sivilrettsforvaltning* fastsetter instruks om nærmere grenser for utlånsadgangen.

§ 16 vert endra slik:

§ 16. Godtgjøring til vergen

Innenfor rammene av lov, forskrift, vedtak eller instruks inngår fylkesmannen en avtale med vergen om de nærmere forhold knyttet til vergeoppdraget.

Ved oppstart av et vergeoppdrag kan det etter søknad gis en tilleggsgodtgjøring på kr 2000 kroner for alminnelige verger og kr 4000 for faste verger.

For vergeoppdrag som bare omfatter økonomiske forhold, ytes det etter søknad en fast årlig godtgjøring på kr 3500 til alminnelige verger og kr 7500 til faste verger. For vergeoppdrag som bare omfatter personlige forhold, ytes det etter søknad en fast årlig godtgjøring på kr 2000 til alminnelige verger og kr 4500 til faste verger. Omfatter vergeoppdraget både økonomiske og personlige forhold, ytes det etter søknad en fast årlig godtgjøring på kr 4000 til alminnelige verger og kr 10 000 til faste verger. Der arbeidsbelastningen er vesentlig større enn tilsvarende oppdrag ytes det etter søknad unntaksvis og i en begrenset periode en fast årlig godtgjøring på kr 20 000.

I svært enkle og midlertidige oppdrag kan det gis godtgjøring time for time etter en timesats på inntil kr 200 for alminnelige verger og inntil kr 400 for faste verger. I svært krevende oppdrag der arbeidsbyrden er særdeles stor, og vergen alt godtgjøres med høyere fast sats, kan faste verger unntaksvis få timegodtgjøring etter at fylkesmannen har gjennomført tilsyn med vergen. Advokater som oppnevnes som verge, godtgjøres etter offentlig salærsats, jf. forskrift 3. desember 1997 nr. 1441 om salær fra det offentlige til advokater m.v. § 2, for arbeid med å hjelpe personen ut av ugyldige avtaler etter avtaleloven kap. 3. Vergen må godtgjøre at en fast årlig sats ikke gir rimelig dekning, og dokumentere timeforbruk for vergearbeidet. Fylkesmannen skal i det enkelte tilfelle sette en grense for hvor mange timer som kan brukes til oppdraget. Statens sivilrettsforvaltning kan stille krav til utformingen av timelistene.

§ 17 første ledd vert endra slik:

§ 17. Godtgjøring til nærstående

Godtgjøring til oppnevnte verger som er forelder til, barn av eller ektefelle eller samboer til den som *det er vedtatt vergemål for*, jf. vergemålsloven § 30 første ledd annet punktum, gis etter § 16 bare hvis særlige grunner taler for det.

§ 18 første ledd vert endra slik:

§ 18. Dekning av vergens utgifter

Statens sivilrettsforvaltning fastsetter en fast årlig sats til dekning av vergens utgifter.

§ 19 første og andre ledd vert endra slik:

§ 19. Inntekts- og formuesgrensen for dekning av vergens godtgjøring og utgifter

Fylkesmannen skal dekke godtgjøringen og utgiftene til vergen etter § 16 til § 18 dersom *den mindreårige eller personen det er vedtatt vergemål for*

- a) har en bruttoinntekt som er lik eller lavere enn minstepensjonen etter *folketrygdloven § 12-13*, tillagt renteinntekt av formuen, jf. bokstav b, og
- b) har en formue på kr 50 000 eller mindre.

Er personen *det er vedtatt vergemål for* gift eller lever sammen med og har felles økonomi med en annen person, skal fylkesmannen dekke godtgjøringen og utgiftene til vergen dersom disse personene til sammen

- a) har en bruttoinntekt som er lik eller lavere enn minstepensjon for ektefeller etter folketrygdloven § 3-4 tredje ledd, tillagt renteinntekt av formuen, jf. bokstav b, og
- b) har en formue på kr 75 000 eller mindre.

Overskrifta i verjemålsforskrifta kapittel 5 vert endra slik:

Vergens rapporterings- og regnskapsplikt.

§ 20 vert endra slik:

§ 20. Vergens rapporteringsplikt og finansinstitusjoners opplysningsplikt

Når en oppnevnt verge forvalter eiendeler på vegne av personen *det er vedtatt vergemål for*, har vergen *rapporteringsplikt* for disse eiendelene. Vergen skal sørge for at penger er plassert på de konti som fylkesmannen har fastsatt, jf. vergemålsloven § 36 og § 51.

Finansinstitusjonene der midlene er plassert skal gi *vergemålsforvaltningen opplysninger om samtlige transaksjoner for de konti vergen eller fylkesmannen disponerer. Statens sivilrettsforvaltning kan fastsette når opplysningene skal leveres.*

Rapporteringsplikten oppfylles ved at vergen årlig bekrefter at eiendelene er forvaltet i samsvar med lov, forskrift og vedtak. Vergen skal også gi opplysninger om hva disposisjonene over vergekonto gjelder, der dette ikke klart fremkommer av kontoutskrift fra finansinstitusjonen etter første ledd. Videre skal vergen gi opplysninger om øvrige aktiva som forvaltes. Statens sivilrettsforvaltning kan gi nærmere bestemmelser om innholdet i den årlige rapporten.

Kvitteringer og andre bilag til *vergerapporten* skal ikke sendes fylkesmannen, men skal oppbevares som dokumentasjon i tre år etter utløpet av regnskapsåret.

Vergen skal avgi en erklæring om at han eller hun har gitt fullstendige og korrekte opplysninger.

§ 21 skal lyde:

§ 21. Adgang til å pålegge regnskapsplikt

Fylkesmannen kan i det enkelte tilfellet pålegge *vergen* regnskapsplikt. Fylkesmannen skal pålegge *regnskapsplikt* når vergemålet omfatter drift av fast eiendom eller annen ervervsvirksomhet.

§ 22 vert endra slik:

§ 22. Frist for å sende inn rapport, regnskap mv.

Frist for å sende inn *vergerapporten* og vergeregnskapet er 30. april, men slik at fristen er 30. juni der det drives næring på vegne av personen *det er vedtatt vergemål for* eller der skattemyndighetene har gitt utsatt frist for å levere inn *skattemeldingen*.

For vergeoppdrag som avsluttes i løpet av året, skal *vergerapport eller* vergeregnskap sendes inn så snart som mulig og senest innen to måneder etter avslutningen av oppdraget. Vergen skal ved avslutning av oppdraget sende inn kopi av kontoutskrifter og redegjøre for øvrige endringer siden avslutningen av forrige regnskapsår eller siden oppnevningen dersom det ikke foreligger *rapport eller* regnskap fra året før.

Fylkesmannen kan fastsette en annen frist enn det som følger av første ledd.

Rapporten eller regnskapet skal sendes til fylkesmannen i det vergemålsdistriktet der personen *det er vedtatt vergemål for*, bor.

§ 23 vert endra slik:

§ 23. Adgang til å fritta for rapporterings- og regnskapsplikt

Når ektefellen eller samboeren til personen *det er vedtatt vergemål for*, er oppnevnt som verge, skal vedkommende fritas for *rapporterings- og* regnskapsplikt, med mindre særlige grunner taler imot dette.

Fylkesmannen kan fritta for *rapporterings- og* regnskapsplikt i tilfeller der personen *det er vedtatt vergemål for*, bor hos sine foreldre og én av eller begge foreldrene er oppnevnt som verge.

Fylkesmannen kan fritta for *rapporterings- og* regnskapsplikt i tilfeller der *dette* ikke synes nødvendig sett hen til omfanget av den formuen og den inntekten som vergen forvalter.

§ 24 vert endra slik:

§ 24. Rapporterings- og regnskapsplikt for andre midler

Reglene i kapitlet her gjelder tilsvarende for formue som etter lov skal forvaltes på samme måte som midler tilhørende personer *det er vedtatt vergemål for*, eller som etter gyldig bestemmelse av arvelater eller giver skal forvaltes av fylkesmannen, jf. vergemålsloven § 95 og § 96.

§ 25 vert endra slik:

§ 25. Valg av plasseringsalternativ for midlene under forvaltning

Statens sivilrettsforvaltning forhandler om vilkårene for innskudd i bank på vegne av fylkesmannen og fastsetter hvilke finansinstitusjoner som skal benyttes til innskuddsformål, jf. vergemålsloven § 51 annet ledd. Vergen kan velge hvilken av de fastsatte finansinstitusjonene midler som skal forvaltes av fylkesmannen etter vergemålsloven kapittel 7, skal plasseres i, og til hvilke fastsatte vilkår innskuddet skal plasseres. Dersom vergen innenfor en frist ikke foretar et slikt valg, bestemmer fylkesmannen hvordan midlene skal plasseres. Bare fylkesmannen har kompetanse til å opprette konto på vegne av personen for midler som er under fylkesmannens forvaltning.

Dersom det skal forvaltes et større beløp enn det som følger av *lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern § 19-9 annet ledd*, skal en oppnevnt verge velge plassering i flere banker slik at samtlige midler omfattes av innskuddsgarantien.

§ 26 vert endra slik:

26. Grensen for hvilke midler som forvaltes av fylkesmannen

Grensen for når fylkesmannen plikter å forvalte finansielle eiendeler som nevnt i vergemålsloven § 48 for mindreårige eller personer *det er vedtatt vergemål for*, settes til et beløp lik to ganger folketrygdens grunnbeløp (G), beregnet på grunnlag av folketrygdens grunnbeløp per 1. januar hvert år.

§ 28 første og andre ledd vert endra slik:

§ 28. Melding fra skattemyndighetene om mindreåriges formue

Skattemyndighetene skal gi *Statens sivilrettsforvaltning* melding om de personene som fyller 17 år eller mindre i det året meldingen gis, og som har finansielle eiendeler som skattemyndighetene har innhentet opplysninger om fra tredjepart. Slik melding skal likevel bare gis dersom verdien av de finansielle eiendelene samlet overstiger den grensen som følger av § 26, jf. vergemålsloven § 49 første ledd første punktum.

Meldingen gis innen 1. juni hvert år til *Statens sivilrettsforvaltning*.

§ 35 vert endra slik:

§ 35. Forvaltning av finansielle eiendeler for personer *det er vedtatt vergemål for* bosatt på Svalbard

Fylkesmannen i Troms har ansvaret for forvaltningen av de finansielle eiendelene som tilhører mindreårige eller personer *det er vedtatt vergemål for* bosatt på Svalbard, i samsvar med vergemålsloven § 48 til § 54 og bestemmelser gitt i medhold av disse. Fylkesmannen i Troms skal videre utføre de oppgavene som tilligger fylkesmannen etter vergemålsloven § 35 til § 45, samt den forvaltning som følger av § 96 og § 97. En person regnes som bosatt på Svalbard i samsvar med forskrift 4. februar 1994 nr. 111 om register over befolkningen på Svalbard § 2.

§ 39 første ledd vert endra slik:

§ 39. Avvikling av fellesmassene

Dersom forvaltningen i fellesmasse etter lov 22. april 1927 nr. 3 om vergemål for umyndige § 69 ikke er avviklet ved ikrafttredelsen av lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål, kan *Statens sivilrettsforvaltning* overta forvaltningen av fellesmassene med sikte på avvikling. *Statens sivilrettsforvaltning* kan avtale med den enkelte kommune at kommunen skal beholde forvaltningsansvaret i en avgrenset avviklingsperiode. Det organ som er ansvarlig for forvaltningen frem til avvikling, kan kreve en forvaltningsavgift på seks prosent av midlenes avkastning i regnskapsåret.

§ 40 vert endra slik:

§ 40. Regler om førstegangs plassering av midlene som skal forvaltes av fylkesmannen

Ved overføringen av de forvaltede finansielle eiendelene fra overformynderienes til fylkesmannens forvaltning, skal eiendelene plasseres som innskudd i de finansinstitusjonene det er inngått avtale med og til de vilkår som er fremforhandlet, jf. vergemålsloven § 51 annet ledd. Dersom det er fremforhandlet vilkår med ulik profil, og vergen ikke har valgt plassering, eller valgt plassering ikke er tilgjengelig, skal midlene plasseres etter en ordning fastsatt av *Statens sivilrettsforvaltning*.

§ 41 vert endra slik:

§ 41. Nærmere om overføring av klagesaker til Statens sivilrettsforvaltning

Når en klage er kommet inn til overformynderiet eller fylkesmannen og det ikke er truffet vedtak i saken før 1. juli 2013, skal klagen overføres til *Statens sivilrettsforvaltning*.

B. Overgangsreglar for forskrifta

Verjemålsforskrifta skal ha ny § 44 som skal lyde:

§ 44 Overgangsregler

Krav om godtgjøring for arbeid utført før forskriftsendringen, skal behandles etter tidligere bestemmelser.

Ny regel om godtgjøring med offentlig salærsats etter § 16, gjelder avtaler inngått etter at endringene er satt i kraft. Eldre avtaler gjelder inntil ett år etter ikraftsettelse av reglene her.

I en overgangsperiode på ett år kan verger få timegodtgjort etter tidligere regelverk. Dette gjelder likevel bare frem til fylkesmannen har fått vurdert om vergen skal ha høyere sats og eventuelt gjennomført gjennomgang av vergens oppgaver i forbindelse med ny timegodtgjøringsregel.

C. Ikraftsetjing av endringane i verjemålsforskrifta

Endringar i vergemålsforskrifta §§ 20, 21, 22, 23 og 24 gjeld fra det tidspunktet departementet bestemmer.

Andre føresegner tek til å gjelde straks.

D. Forslag til endringer i verjemålslova

I lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) foreslår vi følgende endringer:

Verjemålslova § 29 andre ledd skal lyde:

Fylkesmannen kan frata en oppnevnt verge vervet som verge dersom *dette vil være i tråd med ønskene til personen det er vedtatt vergemål for. En verge som ikke er pårørende, kan også fratras vervet som verge for å sikre en velfungerende ordning med god ressursutnyttelse.* Fylkesmannen skal frata en oppnevnt verge vervet dersom hensynet til den det er vedtatt vergemål for, gjør dette nødvendig. Fratas vergen vervet, skal det oppnevnes en ny verge.

Verjemålslova § 53 skal lyde:

§ 53. Rapporterings- og regnskapsplikt

Kongen gir i forskrift nærmere regler om vergens og fylkesmannens *rapporterings- og regnskapsplikt*, herunder revisjon av regnskaper.

Verjemålslova § 54 andre og tredje ledd skal lyde:

Institusjoner og personer som nevnt i første ledd har, *uten hinder av taushetsplikt*, opplysningsplikt overfor vergen og *vergemålsmyndigheten* for personer som er under vergemål eller begjært satt under vergemål. Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om opplysningsplikten.

Vergen og *vergemålsmyndigheten* har, uten hinder av taushetsplikt, rett til innsyn i opplysninger hos skattemyndighetene om personer under vergemål og om personer som er begjært satt under vergemål, når slikt innsyn er nødvendig for at vergen og *vergemålsmyndigheten* skal kunne ivareta sine oppgaver etter loven her. Skattemyndighetene skal gi melding til den sentrale vergemålsmyndigheten om mindreåriges finansielle eiendeler som skattemyndighetene har innhentet opplysninger om fra tredjepart, når disse eiendelenes verdi overstiger den grensen som følger av forskrift etter vergemålsloven § 49 første ledd første punktum. Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføringen av meldeplikten, herunder om meldepliktens omfang.

Verjemålslova § 66 skal lyde:

§ 66. Personopplysninger

Vergemålsmyndigheten *kan* behandle *personopplysninger*, også *personopplysninger som nevnt i personvernforordningen artikkel 9 og 10*, når det er nødvendig som ledd i saksbehandlingen etter loven her.

E. Ikraftsetjing av endringane i verjemålslova

Endringar i verjemålslova §§ 29, 53 og 54 tek til å gjelde straks.